

# Rapport for Grønnsaksproduksjon og anna dyrking i Fjellandbruket 2021-2023



Ål Markedshage  
Foto: Ingunn H. Medgard



**Hemsedal og Gol Bonde-  
og Småbrukarlag**

## Samandrag

Hemsedal Bonde- og Småbrukarlag har gjennomført prosjektet: Grønnsaksproduksjon og anna dyrking i Fjellandbruket frå 2021-2023 med støtte frå Fjellandbruksmidlar av Statsforvaltaren i Oslo og Viken og næringsutviklingsmidlar av Viken fylkeskommune.

Målet for prosjektet var å få i gang produksjon og sal av grønnsaker, poteter, urter og bruk av ville vekstar i Hallingdal og Numedal gjennom eit treårig hovudprosjekt.

To produsentar har starta opp med markeshagedyrking i Hallingdal i prosjektperioden. Den eine har slutta. Det har elles vorte starta opp nye markeshagar i Valdres, Dovre og i Gausdal.

Gjennom prosjektperioden har det vorte bygd opp eit nettverk med ca. 10 markeshagedyrkerar i Fjellandbruket i Buskerud, Telemark og i Innlandet som har blitt kjent og som støttar kvarandre for å utvikle bedriftene sine. Dei seier nettverket er viktig. På ei samling sa ein av markeshagedyrkerane: «Dette nettverket hjelper meg til å utvikle bedrifta mi».

Det blir produsert meir grønnsaker lokalt enn før prosjektet starta opp. Gjennom prosjektperioden, er det bygd opp kompetanse om dyrking i Fjellandbruket som er verdifullt.

Inkubatorprogrammet var eit godt verktøy for kunnskap og kunnskapsdeling ved oppstart av markeshage når avstandane er store. Saman med fysiske samlingar, har det vore med på å utvikle eit nettverk med ca. 10 markeshagedyrkerar i Fjellandbruket i Buskerud, Telemark og i Innlandet. Nettverk er kanskje viktigare enn me trur. Erfaringane gjennom dette prosjektet syner at markeshagedyrkerar treng kollegaer som veit kva det innebær å drive markeshage og som ein kan spørje om råd eller berre dele positive ting og det som er utfordrande.

Felles nyheitsbrev der fleire produsentar samarbeider er vellykka og må utviklast vidare. For at grønnsaksproduksjonen skal bli større, må både reiselivet og det offentlege ville kjøpe lokalt. Det er ikkje nok at det står at dei vil gjera det skriftleg, det må handling til. Forslag om å få til årleg workshop der markeshagedyrkerar, reiseliv og det offentlege møtest.

Etter drøftingar og innspel frå markeshagedyrkerane for å vidareutvikle bedriftene for å få fleire bein å stå på, var det eit ynskje om å sjå meir på mogelegheitene i frukt- og bær dyrking. Med bakgrunn i dette er det søkt samarbeid med Norsk Landbruksrådgjeving (NLR) og Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO). Det er innvilga tilskot med fjellandbruksmidlar frå Oslo og Viken, Innlandet og Vestfold og Telemark til forprosjekt for å kartlegge mogelegheiter i frukt og bær dyrking i Fjellandbruket i 2024.

# Innhald

1. Innleiing .....	4
1.2 Behov og bakgrunn.....	4
1.2 Prosjektperiode, prosjektorganisering og økonomisk ramme.....	4
2. Prosjekt mål.....	5
3. Hovudaktivitetar i prosjektet.....	5
3.1 Presentasjon av deltakarane .....	5
3.2 Inkubatorprogram for bærekraftig matproduksjon i Fjellandbruket.....	6
3.3 Mark dagar .....	7
3.4 Studieturar.....	8
3.5 Nettverksamlingar .....	10
3.6 Teamsmøter gjennom vekstsesongen .....	11
3.6 Bedriftsnettverk.....	11
3.7 Spørjeundersøking.....	11
3.8 Kurs, arrangement og samarbeid .....	11
3.9 Sosiale media.....	14
3.10 Felles nyheitsbrev og levering til det offentlege.....	14
4. Måloppnåing og vegen vidare .....	15
4.1 Er måla for prosjektet nådd ? .....	15
4.2 Kva har me lært?.....	15
4.3 Råd for vidare arbeid .....	15
5. Støttespelarar og finansieringskjelder .....	16

# 1. Innleiing

## 1.2 Behov og bakgrunn

Spiren til dette prosjektet kom i gang ved at småbrukarlag i Hallingdal arrangerte eit møte i april 2019 der Rebecca Bond frå Norges Bonde- og Småbrukarlag deltok. På møtet vart det drøfta om det var mogeleg å få starta opp REKO ring i Hallingdal, og det vart snakka om å arbeide for å få til meir grønnsaksproduksjon. Hausten 2019 vart det derfor kalla inn til eit arbeidsmøte der representantar frå landbrukskontora i Hallingdal og interesserte produsentar var med. Det vart bestemt å søkje fjellandbruksmidlar til eit forprosjekt. Søknaden vart innvilga og forprosjektet vart gjennomført i 2020. Resultatet av dette forprosjektet synte at det var interesserte produsentar som ville starte med produksjon av grønnsaker. Produsentane ynskte å få meir kunnskap om produksjonen og å få hjelp til å koma i gang med marknadsføring og sal. Intervjua med utfylling av spørjeskjema synte også at både reiselivsbedrifter og enkeltpersonar ynskjer å kjøpe lokale grønnsaker. I intervjua kom det fram at det trengs god dialog mellom produsent og kjøpar for å få fram produkta og opprette salskanal. Når det var både var behov for lokale grønnsaker og interesse for å produsere, vart det søkt midlar til eit hovudprosjekt.

Då me starta hovudprosjektet i 2021 gjorde korona at me måtte tenkje alternativt til fysiske møter med å bruke digitale verktøy. Me var heldige å få bli med på inkubatorprogram for bærekraftig matproduksjon i Fjellandbruket. Statsforvaltaren i Oslo og Viken informerte oss om denne mogelegheita der Stadsbruk i Sverige var med på eit prosjekt som heitte Go Global. I Oslo og Viken HUB vart det i tillegg til oss starta opp eit inkubatorprogram kring Oslo-området. Vidare vart det starta opp inkubatorprogram i HUB Vestland og i HUB Trøndelag.

Stadsbruk gav oss tilgang til å bruke ei digital plattform med ulike modular. Dette var midt i blinken for oss for innhaldet i modulane var i samsvar med målet for prosjektet og den kompetansen deltakarene trengte for å starte opp med markedshage. Me annonserte på sosiale media og opna for deltaking frå fjellandbruket i både innlandet, Vestfold og Telemark i tillegg til Oslo og Viken.

## 1.2 Prosjektperiode, prosjektorganisering og økonomisk ramme

Prosjektperiode frå 01.01. 2021 til 31.12. 2023

Prosjekteigar: Hemsedal Bonde- og Småbrukarlag

Prosjektansvarleg: Hemsedal Bonde og småbrukarlag v/Kjell Borge

Stillingsprosent og arbeidgjevar: 20% i 2021 og 2022 der Ål kommune var arbeidgjevar og 40% i 2023 der Buskerud Bonde- og Småbrukarlag var arbeidsgjevar.

Prosjektleiar: Marit Torsrud Nerol

I prosjektsøknaden var det sett opp styringsgruppe. Denne vart ikkje oppretta. Grunnen til det, var at prosjektleiar hadde 20 % stilling til prosjektet. Det var mykje arbeid å gjennomføre

inkubatorprogrammet og tida strekte ikkje til ved sidan av anna jobb. Undervegs i prosjektet har det heile tida vore god dialog med prosjektansvarleg og med Buskerud Bonde- og Småbrukarlag for å ta opp spørsmål. Kjell Borge har også ført rekneskapen for prosjektet. Prosjektet elles har vorte gjennomført i samsvar med planen.

Anita Panman frå Statsforvaltaren i Oslo og Viken har vore ein viktig samarbeidspartnar og støttespelar i prosjektet.

Prosjektet har leigd inn kompetanse frå Avdem gardsgrønt v/Sofia Maria Bang Elm til å bidra i både inkubator kursa som har vore inspirerende og nyttig.

Total økonomisk ramme for prosjektet har vore kr 1 543 250 og var tilskotsmidlar frå Fjellandbruket i Oslo og Viken, næringstilskot frå Viken fylkeskommune, kursavgift på arrangement og deltakarane sin eigeninnsats.


## 2. Prosjekt mål

Få i gang produksjon og sal av grønnsaker, poteter, urter og bruk av ville vekstar i Hallingdal og Numedal gjennom eit treårig hovudprosjekt.

## 3. Hovudaktivitetar i prosjektet

### 3.1 Presentasjon av deltakarane

Deltakarane i prosjektet søkte om å bli med i inkubatorprogrammet via annonsering på facebook i gruppene: Markedshager i Norge og Grønnsaksproduksjon i Fjellandbruket. Dei meldte seg på via link. Det var interesse utover Hallingdal og me bestemte oss for opne opp for at fleire kunne bli med for å få større gruppe. Deltakarane kom frå gardar i Hallingdal, Vinje, Valdres, Vågå, Dovre, Sør Fron, Gausdal og Hurum. Det var ein deltakar som ikkje hadde eige jord, men hadde tilgang til testbed på Linderud i Oslo. Nokon av deltakane hadde anna produksjon på garden, andre hadde nettopp kjøpt gard og var interessert i starte opp med produksjon av grønnsaker. Nokon ynskte å få til ei tilleggsnæring med markedshage, andre hadde mål å ha markedshage som hovudproduksjon.



Kart som syner Fjellandbruket



### 3.2 Inkubatorprogram for bærekraftig matproduksjon i Fjellandbruket

Målet med inkubatorprogrammet var å tilby eit verktøy med både digitale og fysiske samlingar for interesserte markedsagedyrkerar for å gjera det lettare for dei å starte opp markeshage. Deltakarane fekk tilgang til å logge seg inn på ei plattform der det var 6 modular med informasjon og videoar. Stadsbruk Botildenborg I i Sverige la til rette for at me kunne bruke verktøyet.

Modulane var:

- 0 Kick-off
- 1 Entreprenørskap
- 2 Hage og finansieringsplan. Styringsverktøy for planlegging av markeshagen
- 3 Korleis starte ditt første salg
- 4 Salg og permabuisness
- 5 Starte opp med markeshagen


Me gjennomførte Inkubatorprogram gruppe 1 i 2021 med 12 deltakar og inkubatorprogram gruppe 2 i 2022 med 8 deltakar. Inkubatorprogrammet vart gjennomført frå februar tom april. Prosjektleder var fasilitator for dei digitale samlingane med god hjelp av Anita Panman frå Statsforvaltaren i Oslo og Viken spesielt det fyrste året.

Sidan det er så store avstandar i Fjellandbruket, var det ikkje lett å få til fysiske samlingar i denne tidsperioden. Snøen hadde heller ikkje smelta alle stader. Derfor var det meir praktisk for oss å ha fysiske samlingar om sommaren.

Me brukte Teams som verktøy for å gjennomføre samlingane. Erfaringane våre var at det var viktig med struktur og deltajert program for dei digitale samlingane. Det var meir motiverande når det var variasjon i måten å lære på. Eigenstudie før samlingane ved å lesa og sjå videoar, ta imot undervisningsopplegg på samlingane, bruke grupperom for å få til samtale mellom deltakarane både ein til ein og i større grupper og for å dele erfaringar er døme på frå samlingane. Dette fungerte betre og betre ettersom me vart betre kjent og tryggare på verktøyet. Det vanlege her i landet er at NLR har dyrkekurs medan rekneskapskontor som driv med forretnings- og driftsplanlegging og Innovasjon Norge vurderer økonomien i ei satsing for eksempel på markeshage.

Inkubatorprogrammet la vekt på å formidle både kunnskap om salg og dyrkekompetanse. Deltakarane skulle teste ut å selja kva dei produserte og å teste ut å dyrke grønnsaker i testbed. Det var nyttig kompetanse å få før oppstart av markeshage.

Inkubatorprogrammet vart ikkje vidareført og GoGlobal prosjektet vart avslutta i 2022. Prosjektet arrangerte erfaringskonferanse 17. mars 2023 der Anita Panman frå Statsforvaltaren i Oslo og Viken og prosjektleder hadde presentasjon på engelsk om erfaringane med å gjennomføre inkubatorprogramma i Fjellandbruket. Me sendte og skriftleg rapport om erfaringane våre.



Digital samling på Teams, Inkubatorgruppe 1

### 3.3 Markdagar

Det vart arrangert to markdagar i prosjektperioden. Den fyrste var ope markdag 12. juni 2021 i samarbeid med NLR. Me besøkte Else Birgit Østro på Torpo og Ingunn Hallingstad Medgard i Øvre Ål. Begge var med i den fyrste gruppa i inkubatorprogrammet. Hege Sundet frå NLR rettleia oss om ugrashandtering. Me snakka også om korleis ein skal plante tildømes kålplanter. Det var inspirerende å møtast fysisk. Me fekk servert god suppe og gode kaker frå Omattgjort på Geilo.

Den andre var 20. juni 2022 med individuell rettleiing for markedshagedyrkerane i Hallingdal med Hans Gaffke frå NLR. Fyrst var det besøk hjå Fjellgrønt på Gol hjå Embrik Rudningen og Niels Jørgensen. Etterpå reiste me til Ål markedshage v/ Ingunn Hallingstad Medgard. Markedshagedyrkerane syntest det var nyttig å kunne stille konkrete spørsmål til Hans Gaffke då me såg på konkrete ting i markedshagane.



Markdag på Rudningen Gol, 2022

### 3.4 Studieturar

Prosjektet reiste på studietur 28. og 29. august 2021 til Avdem gardsgrønt og Sofia Maria Bang Elm. Sofia hadde gode og nyttige presentasjonar for oss på inkubatorprogrammet. Det var inspirerende å sjå markedshagen og møte og høyre Sofia live. Me hadde triveleg sosialt samvære på Avdem om kvelden der me fekk servert heimelaga pizza stekt i steinovn. Dagen etter hadde me gruppearbeid. Godt å møtast og å få fagleg og sosialt påfyll.



Studietur til Avdem gardsgrønt Lesja, 2021

I 2022 hadde me to grupper som hadde gjennomført inkubatorprogrammet og det var viktig å få til studietur. 13. og 14. august møttest me 12 stykker i Våga på Selatunga der Rønnaug Stjernvang driv markedshage. Det var imponerende å sjå kva Rønnaug får til å dyrke på vel eit daa. Inspirerende å sjå den mobile salsboden som ho hadde utvikla. Me åt god lunsj på Bokhandelen i Våga sentrum Vidare reiste me til Søre Hovde og markedshagen til Hans og Rannei Hovde. Terrenget hjå dei var bratt. For å få til grønnsakssenger, hadde dei sengene i terasser.

Der hadde me workshop med freelancekokk Matthias Hauge. Fyrst drøfta me temaet samarbeid mellom spisestader og marknadshagar. Matthias sa at me måtte samanlikne oss med vinimportørane. Me er profesjonelle og må vise det me har å tilby. «Ta med ei korg med grønnsaker til ein spisestad og vis det du har.» sa han. Avtal direkte korleis du skal by fram det du har. Skal det tildømes sendast nyheitsbrev kvar veke som syner det du har å tilby. Kva dag ynskjer dei levering? Du må vera litt på for å få til ein relasjon og ei form på samarbeidet som fungerer for begge partar.



Etterpå laga me mat ilag med grønnsaker frå Avdem gardsrønt. Matthias hadde planlagt forskjellige rettar og gav gode tips. Det vart eit nydeleg måltid med forskjellige rettar.

Morgonen etter hadde me open post der alle kunne koma med kva dei hadde behov for. Det var og sett av tid til informasjon om tips og triks for å gjera salg og rekneskap enkelt og oversikteleg som Rannei Hovde hadde for oss. Det var skrivi referat frå studieturen og det vart bruka som grunnlag for å planlegge nettverksamlinga i 2023.



Studietur 2022 med besøk i tre markedshagar i Vågå, Dovre og Lesja

### 3.5 Nettverksamlingar

For å kunne bygge nettverk, er det viktig å kunne møtast både fysisk og digitalt. I prosjektet har me hatt to nettverksamlingar. Den fyrste var i slutten av januar 2022. Då møttest deltakarane frå gruppe 1 i inkubatorprogrammet til nettverksamling på Gommobu. Der hadde me fotokurs med fotograf Jørn Ranum. Det var særers inspirerande og nyttig å lære meir om blant anna lys for å få betre bilete til å legge ut i sosiale medier. Me hadde og ei økt med naprapat for å bli meir bevisst å førebyggje slitasjeskader i høve til statisk arbeid. Sofia hadde hageplanlegging og me laga sortsliste over egna sortar for dyrking i Fjellandbruket for dei vanlegaste grønnsakene.

Den andre nettverksamlinga hadde me på Raklidekkan Lodge i nærleiken av Geilo frå 3.-5. februar 2023. Då var det deltakarar frå begge inkubatorgruppene. På denne samlinga kom Gudbrand Johannes Qvale frå Horgen gård og hadde føredrag for oss. På Horgen gard er drifta allsidig og dei brukar Holistic management aktivt. Han hadde tre sesjonar saman med oss på 40-50 min med fylgjande tema:

- Målet om eit godt liv
- Marknadsføring og sal
- Økonomi og rekneskap

Etter kvar sesjon var det 10-20 min samtale/spørsmål/aktivitet/pause. Dette føredraget var opent for fleire enn dei som var med på nettverksamlinga. Det kom seks personar i tillegg til dei som var med på nettverksamlinga og ei av dei har blitt med i nettverket vårt.

Vidare hadde Gerd Aasberg introduksjon til urtekuset som ho skulle ha om sommaren og det var interssant å høyre «reisa» hennar om urtedyrking. Anne Guri Søndrol lærte oss å binde kransar av lin. Det var lammesteik frå Nerol til middag og triveleg sosialt samvære om kvelden. Dagen etter jobba me med hageplanlegging og hadde oppsummering av samlinga.



Fotokurs på nettverksamling, Gommobu vinter 2022

### 3.6 Teamsmøter gjennom vekstsesongen

Prosjektet har hatt teamsmøter gjennom vekstsesongen i 2021 og 2022. Disse møtene har til vanleg vore siste onsdagen i kvar måned frå kl. 20.00-21.00. På møtene har det vore ein liten runde der alle seier litt om korleis det går. Elles har det vore teke opp ulike tema som er nyttige for markedshagedyrkinga. Det er viktig å ha ein arena der ein kan utveksle erfaringar. Sidan det ikkje var inkubatorprogram i 2023, har me hatt Teamsmøte kvar måned i 2023. Erfaringane er at det er nyttige å ha møtene jamleg. Det er med frå 6-10 deltakarar kvar gong og ein kan dele både oppturar og nedturar. Ein av deltakarane føreslo at me skulle ha digitalt julebord og det hadde me 20. desember 2023.

### 3.6 Bedriftsnettverk

Hausten 2022 og vinteren 2023 jobba ei gruppe som var med i det fyrste inkubatorprogrammet med om det var mogeleg å få til eit bedriftsnettverk. Gruppa fekk informasjon frå Innovasjon Norge om kva som skulle til for å kunne søke støtte til etablering av bedriftsnettverk. Det vart drøfta å få til felles logo for markedshagedyrkerane i fjellandbruket. Det vart og drøfta å kunne samarbeide om å plukke ville vekstar og tørke dei for sal til dei som sel alkoholfrie drikkar. Det er eit arbeid som det kan byggjast vidare på når tida er inne for det.

### 3.7 Spørjeundersøking

I samband med nettverksamlinga februar 2023 utarbeida Anita Panman og prosjektleiar ei spørjeundersøking som deltakarane svara på der det var avkryssing på fleire alternativ. Målet med denne undersøkinga var å finne ut kva som hadde vore viktig i inkubatorprogrammet, kva som var viktig for å fortsetja markedshagedyrkinga og kva form arrangement skulle ha framover. Mange synes inkubatorprogrammet hadde vore viktig for både for å få kunnskap og nettverk. For å fortsetja marknadshagedyrkinga er det viktig med nettverk. Dei fleste synes det er bra med kombinasjon av fysiske og digitale samlingar. Digitalt er bra når avstandane er store.

### 3.8 Kurs, arrangement og samarbeid

#### **Urtekurs**

Fyrste helga i juli 2023 hadde Gerd Aasberg urtekurs på garden der ho bur i Dagali. Det var særst interessant å lære nye urter av Gerd og kva dei kan brukast til. Gerd har drive med urtedyrking i over 30 år. Ho synte oss urtetørka si og rommet ho lagar krydder og urteblandingar. Mange av deltakarane hadde jobba mykje før dette kurset og sette pris på fagleg påfyll, sosialt samvære og god mat.





Urtekurs med Gerd Aasberg, Dagali sommaren 2023

### **Kurs i sylting og fermentering**

I slutten av november deltok ti personar frå nettverket på kurs som Nofima hadde: Sylting og fermentering av økologiske grønnsaker. Det var nyttig å få både teoretisk og praktisk kunnskap om temaet. Målet er å ta vare på næringsstoffa og då er sylting og fermentering gode metodar. Ein av deltakarane føreslo at me skulle leige eit hus gjennom Airbnb og overnatte der før me skulle på kurset. Det fungerte fint og me fekk eit triveleg måltid med småmat og rakafisk frå Gerd Aasberg og Emil Steira.





Kurs i sylting og fermentering av økologiske grønnsaker 2023, Nofima Ås

### Økouka Buskerud

Det har vore godt samarbeid mellom Økouka v/Hanne Prøis Kristiansen og prosjektet om arrangement på Gol både i 2021, 2022 og 2023 i slutten av september. Arrangementet er innarbeida og er eit inspirerende og triveleg med aktuelle tema og god mat.



Foredrag med inspirasjonsbonde Kjersti Rinde Omsted frå Opaker gard i Økouka på Gol 2023

### 3.9 Sosiale media

Prosjektet har ei eige facebookside som heiter: [Grønnsakproduksjon i Fjellandbruket](#). Her har det blitt delt ein del informasjon gjennom prosjektperioden. Under inkubatorkursa vart det oppretta ei messengergruppe for kvar av gruppene. Desse messengergruppene er no slått saman til Inkubator 1&2. Det har blitt ein god kanal for utveksling av informasjon om både laust og fast.

Markedshager i Norge er ei heimeside med nyttig informasjon om du ynskjer å starte opp eller driv markedshage. Sida var organisert litt annleis før og då kunne du finne informasjon om Fjellandbruket og prosjektet.

### 3.10 Felles nyheitsbrev og levering til det offentlege

Vekstsesongen 2023 har to markedshagedyrkerar i Hallingdal samarbeida om å lage nyheitsbrev til eit hotell kvar veke. Det var avtala at nyheitsbrevet skulle sendast til hotellet laurdag føremiddag. I nyheitsbrevet stod det lista opp kva slags grønnsaker og urter den enkelte produsent kunne tilby både av mengde og med pris. Kjøkkensjefen merka då av i gult kva dei ynskte å kjøpe og det var levering av grønnsaker kvar torsdag. Det var viktig at nyheitsbrevet vart sendt til hotellet før dei skal bestille frå BAMA. Då har dei et alternativ og kan velje å bestille lokale grønnsaker. Denne ordninga skal evaluerast og det har kome tilbakemeldingar om at fleire spisestader ynskjer å vera med på nyheitsbrevet.

Ein markedshagedyrkar leverer poteter og andre grønnsaker til Ål vidaregåande skule som har kantine for elevane sine kvar dag. Dei er oppretta eit godt samarbeid om levering som er positivt.

Det vart levert grønnsaksposar til føredragshaldarane på Hallingdalskonferansen 28. august 2023 på Vestlia Resort på Geilo av tre markedshagedyrkerane i Hallingdal.



Ingunn Hallingstad Medgard frå Ål markedshage pakkar grønnsaksposar til Hallingdalskonferansen 2023

For at behov og produksjon skal gå meir hand i hand er det forslag om å få til workshop med markedsagedyrkerar, spisestader og det offentlege. Det er forslag om å ta kontakt med klimakoordinator i Regionrådet i Hallingdal for å planlegge eit slikt arrangement.

## 4. Måloppnåing og vegen vidare

### 4.1 Er måla for prosjektet nådd ?

To produsentar har starta opp med markedsagedyrking i Hallingdal i prosjektperioden. Den eine har slutta. Det har elles vorte starta opp nye markedsagar i Valdres, Dovre og i Gausdal. I Hurum har det vore gjennomført testproduksjon i 2023. Det har vore liten interesse for å starte opp med markedsagedyrking i Numedal. Litt usikkert kva som er grunnen til det.

Gjennom prosjektperioden har det vorte bygd opp eit nettverk med ca. 10 markedsagedyrkerar i Fjellandbruket i Buskerud, Telemark og i Innlandet som har blitt kjent og som støttar kvarandre for å utvikle bedriftene sine. Dei seier nettverket er viktig. På ei samling sa ein av markedsagedyrkerane. « Dette nettverket hjelper meg til å utvikle bedrifta mi ».

Det blir produsert meir grønnsaker lokalt enn før prosjektet starta opp. Gjennom prosjektperioden er det bygd opp kompetanse om dyrking i Fjellandbruket som er verdifullt. Døme på det er 10. januar 2024 hadde nettverket møte for å dele erfaringar med sortar av dei ulike grønnsaker som er egna for dyrking i Fjellandbruket. Den tidlegare sortslista me har, blir no oppdatert og er godt grunnlag for frø og plantebestilling i 2024. Markedsagedyrking er krevjande, du må kunne meistre både produksjon og sal og logistikken må fungere.

### 4.2 Kva har me lært?

Inkubatorprogrammet var eit godt verktøy for kunnskap og kunnskapsdeling ved oppstart av markedsage når avstandane er store. Saman med fysiske samlingar har det vore med på å utvikle eit nettverk med ca. 10 markedsagedyrkerar i Fjellandbruket i Buskerud, Telemark og i Innlandet. Nettverk er kanskje viktigare enn me trur. Erfaringane gjennom dette prosjektet syner at markedsagedyrkerar treng kollegaer som veit kva det inneber å drive markedsage og som ein kan spørje om råd eller berre dele positive ting og det som er utfordrande.

### 4.3 Råd for vidare arbeid

Felles nyheitsbrev der fleire produsentar samarbeider er vellykka og må utviklast vidare. For at grønnsaksproduksjonen skal bli større, må både reiselivet og det offentlege ville kjøpe lokalt. Det er ikkje nok at det står at dei vil gjera det skriftleg, det må handling til. Forslag om å få til årleg workshop der markedsagedyrkerar, reiseliv og det offentlege møtest.

Etter drøftingar og innspel frå markedsagedyrkerane for å vidareutvikle bedriftene for å få fleire bein å stå på, var det eit ynskje om å sjå meir på mogelegheitene i frukt og bær dyrking. Med bakgrunn i dette er det søkt samarbeid med NLR og NIBIO. Det er innvilga tilskot med



fjellandbruksmidlar frå Oslo og Viken, Innlandet og Vestfold og Telemark til forprosjekt for å kartlegge mogelegheiter i frukt og bær dyrking i Fjellandbruket i 2024.

## 5. Støttespelarar og finansieringskjelder

Anita Panman frå Statsforvalteren i Oslo og Viken har vore ein viktig samarbeidspart og støttespelar i prosjektet.

Prosjektet har leigd inn kompetanse frå Avdem gardsgrønt v/Sofia Maria Bang Elm til å bidra i både inkubator kursa som har vore inspirerende og nyttig.

Det har også vore godt samarbeid med Hege Sundet og Hans Gaffke i NLR.

Det har vore nyttig å samarbeide med Kristine Aronsen som har hatt liknande prosjekt i Vestfold og nedre del av Oslo og Viken

Det har og vore nyttig og inspirerende å vera med i nettverk då me køyrte inkubatorprogrammet som Frødis Linden hjå Statsforvaltaren i Vestland la til rette for og elles i nettverk som som Robust småskalagrønt har hatt for prosjektleiarar som driv med ulike prosjekt innanfor småskala grønnsaksdyrking.

Takk til Statsforvaltaren i Oslo og Viken for tilskot gjennom fjellandbruksmidlane og til Viken fylkeskommune for tilskot gjennom næringsutviklingsmidlar som har gjort det mogeleg å gjennomføre prosjektet: Grønnsaksproduksjon og anna dyrking i Fjellandbruket.



Markedhagedyrkerane og hagane deira er lyser opp i lokalsamfunna i Fjellandbruket med produksjonen sin, her illustrert med bilete av ringblomar i andels- og markedshagen til Nerol gard 2023